

Hardanger og Voss BPO v/Harald Fykse

Dykkar ref.

Vår ref.

Dato

23/2558 - 7

14.06.2024

## Godkjenning av Voss og Hardanger Bestandsplan område

### VEDTAK:

I medhald av delegeringsreglement vedteke i Voss heradsstyre 28.02.2023, vert det gjort følgjande vedtak:

Hardanger/Voss bestandsplanområde med hjortevalda Granvin, Bordalen/Kvitli og Eide, Klyve-Steinestø og Skåro vert godkjent med heimel i § 14 i Forskrift om forvaltning av hjortevilt. Bestandsplanområdet er godkjent med daa som teljande areal i Voss herad og Kvam herad. Godkjent bestandsplanområdet får godkjent bestandsplan for hjort for åra 2024-2028 med heimel i § 16 i Forskrift om forvaltning av hjortevilt. Valda i planområdet får tildelt 403 fellingsløyve pr. år, 2015 totalt for planperioden. Årleg plan for avskyting for kvart vald, fordelt på kjønn og alder, er følgjande etter § 15, andre ledd og tredje ledd:

Avskytings planen vert godkjent på følgjande vilkår.

- Minimum 40% kalv
- Hodyr 1,5 år og eldre skal vera minst 35%
- Hanndyr 1,5 år og eldre skal vera maksimalt 25%
- Minimum 10% Bukk1,5 år
- Hanndyr 2,5 år og eldre Maksimalt 15%

Med heimel i § 16 i hjorteviltforskrifta vert grensa for årleg avvik frå avskytings planen og overføring av dyr mellom åra i planperioden, sett til 10 %. Dette gjeld både tal dyr og fordeling på kjønn og alder.

Kvart vald skal rapportera årleg fellingsresultat til Kommune seinast 14 dagar etter endt jakt.

Alle søknads valda får tildelt etter §7 i hjorteviltforskrifta.

### DOKUMENT SOM BAKGRUNN FOR SAKA:

- Søknad frå Hardanger og Voss bestandsplanområde, datert 30.04.2024 Innmelding frå hjortevalda Granvin, Bordalen/Kvitli, Eide, Klyve-Steinestø og Skåro
- Søknad om godkjenning av bestandsplan for hjort i Hardanger og Voss bestandsplanområde, datert 30.04.2024
- Naturmangfaldslova

#### FAKTA OM SAKA:

Styret for bestandsplanområde Hardanger/Voss har sendt søknad til Voss herad om godkjenning av bestandsplan for hjort for åra 2024-2028. Bestandsplanområde omfattar fylgjande vald; Granvin hjortevald, Bordalen/Kvitle hjortevald, Eide hjortevald, Skåro hjortevald og Klyve-Steinestø hjortevald. Bestandsplanområdet har sendt inn kart for eit årsleveområde.

Medlemsvald	Teljande areal	Årlig tildeling	Minsteareal
Skåro, Kvam	4100	12	450 (342)
Klyve-Steinestø, Kvam	16000	45	450 (356)
Granvin, Voss	138000	200	1000 (690)
Bordalen/Kvitle, Voss	71336	140	1000 (510)
Eide, Voss	3188	6	1000 (531)

#### VURDERING AV SØKNADEN:

Vurdering av bestandsplanområde etter §§ 12, 13 og §15 i hjorteviltforskrifta.

Bestandsplanområdet innfrir kravet om og disponera eit teljande areal på minimum 20 gonger minstearealet. I Voss kommune er minstearealet 1000 daa. Styret for bestandsplanområdet har valt Harald Fykse til å representera bestandsplanområdet.

Jfr § 15 i hjortevilt forskrifta 2016 med kommentar.

Når ein les kommentaren som om handlar § 15 så står det at ein ikkje kan slå i saman kategoriane Dette betyr att Spiss bukk ikkje kan slås i saman med voksen bukk 2,5 år. Her kan valda bestemme om dei ynskjer og ta ut ein større andel 2,5 åringar av den vaksne kvoten. Det er også uheldig og innføre ein ny kategori 2,5 åringar som unge dyr då jegerane ikkje klarer og skilja på 2,5 og 3,5 åringar.

Gjennom Hordahjortprosjektet og prosjekt Forvaltning av hjortebestand har det vore arbeid med å finne avgrensingar for leveområde for hjort, også kalla årsleveområde. Eit årsleveområde skal i størst mogleg grad omfatta leveområde for ein eller fleire hjortebestandar. Hardanger/Voss bestandsplanområde omfattar eit stort område med mange kommunar. I denne søknaden er under halvparten av totalarealet (teljande areal) innmeldt i bestandsplanområdet. Eg vurderer det som positivt at arbeidet med bestandsplanområdet er starta opp, men meiner det bør arbeidast for å få fleire vald med i bestandsplanområdet i denne planperiode. Det vil vera avgjerande for ein god forvaltning av hjortebestandane at dei fleste valda innafor bestandsplanområdet deltek i samarbeidet.

Ein av forutsetningane for at Voss kommunen kan behandla søknaden over kommunegrensar, er at involverte kommunar har gjeve samtykke til kommunesamarbeid. Då Ulvik ikkje har gjeve sitt samtykke til samarbeid, kan Voss kommune berre behandla søknaden som vedkjem vald i Voss og Kvam herad. Dersom dei andre kommunane med vald i bestandsplanområdet ynskjer eit samarbeid, har Voss herad sagt ja til å vera vertskommune i hjorteviltforvaltninga i dette bestandsplanområdet.

#### KLAGE PÅ VEDTAK:

Vedtaket kan påklagast etter forvaltningslova § 28. Mogleg klage må setjast fram skriftleg til kommunen innan 3 veker etter at søkjar har fått melding om vedtaket, jfr. forvaltningslova § 29.

Med venleg helsing

Ingmar Slettemark

Tlf 95262098

Viltforvaltar Voss herad:

Dokumentet er elektronisk godkjent og treng ikkje signatur

Kopi til

kvam kommune

Thea Helena opheim

Mottakar

Hardanger og Voss BPO

v/Harald Fykse

KOPPI

KOPPI